

Til viktige bidragsytarar
for eit riksjubileum på Moster 2024

Svortland 19.06.2014

Kor viktig var Kristenretten for statsdanninga i Noreg?

Jubileum kan vera motivert av mange grunnar. Me ynskjer ein solid grunnmur **bygd på faglege kriterier** for eit riksjubileum på Moster i 2024. I den samanheng vender me oss til deg som ein av dei sentrale samfunnsaktørane me ser kan vera med å bidra til å skapa ein slik grunnmur.

Me inviterer til ein interessant dag på Bømlo i august. Her skal det etablerast eit fagleg grunnlag for eit riksjubileum på lik linje med det i 1924, der kong Haakon VII tok del og som samla store folkemengder på Moster. Kva betydde Kristenretten som blei lest opp på Mostratinget i 1024 i danninga av staten Noreg? For verdiane og utviklinga i samfunnet vårt? Kva meiner fagmiljøa og **kva gir oss ein grunn til å løfta dette opp** på eit nasjonalt nivå?

Me får kompetente fagfolk til å setja lys på dei ulike sidene av temaet og me drøftar legitimiteten for eit riksjubileum. Som samfunnsaktørar drøftar me alle det som kjem fram og **konkluderer om dette gir den naudsynte legitimitet** som trengst.

Du er viktig for arbeidet, me **håper du kan ta deg tid til å vera med oss** denne dagen!

Vennleg helsing,
for arrangørane



Ordførar i Bømlo kommune
Odd Harald Hovland

Og husk påmelding til: 2024@bomlo.kommune.no innan 01. juli 2014

Prof. Jørn Øyrehagen
Sunde v/juridisk
fakultet UiB:

Fram
mot
2024
MOSTER

«Opplésinga av Kristenretten på Moster endra Noreg for all tid»

900-årsjubileet på Moster
i 1924 var eit riksjubileum.
Bør 2024 bli eit nasjonalt
1000-årsjubileum?



Velkommen

til å bli med på fagleg drøfting og grunnmursbygging for eit riksjubileum i
2024 på vår **fagkonferanse 15.08.14.** i Bømlo kulturhus.

- Etter konferansen inviterer me deg med fylgje til musikalen **West Side
Story** i Moster Amfi!

Moster 2024 og vegen dit...

Fag og kultur - bli med og bygg fundament for eit riksjubileum på Moster!

Gamal og ny tru, brytningstid og kjensler. Kva skjedde og korleis opplevde folk omveltningane? Kva seier forskinga og kva fortel kjeldene? - Korleis kan dramatikken forteljast og kva betyr dette for menneske, kyrkje og stat i dag?

Me byr på ein spennande dag:

15.00 **Opning** av konferansen

15.15. **Er 2024 verdt eit jubileum?**

Professor v/UiB Juridisk fakultet Jørn Øyrehagen Sunde og cand philol og kultursjef i Hordaland Fylkeskommune Anna Elisa Tryti.

16.00 Presentasjon av **profesjonsutsegner**

Faglege betraktningar om legitimiteten for eit Riksjubileum

16.10 **Pause** med kaffi og frukt.

16.30 **Det nye manus** til Mostraspelet med fokus på Kristenretten

Svein Tindberg held innlegg om sitt manusarbeid for Mostraspelet II, med fokus på Olav Haraldson og Kristenretten på Moster i 1024

17.00 **Korleis markere eit jubileum i 2024?**

Paneldebatt | leiar Svein Arne Theodorsen

18.00 **Oppsummering og konklusjonar** til det vidare arbeidet. Ein person er utpeika som referent og «oppsummerar» der hovedkonklusjonane blir presentert og repetert


18.15 **Matsservering**

19.30 Avreise til Moster Amfi

20.20 **Aperitif i Bømlo Teaters Sagatun**

22.00 Framsyning **West Side Story**


24.00 **Heimreis**



Pris: 1024,- (inkuderer 2 bill. til Bømlo Teater si oppsetjing av West Side Story i Moster Amfi)

Påmelding: Til e-postadressa: 2024@bomlo.kommune.no

Frist: **01. juli 2014**



BK [magne] • foto: Magne Råknes

